

Saksframlegg

Dato Referanse Saksbehandlar
09.05.2025 24/31991- 13 Hilde Arna Tokle Yri

Saksnr.	Utval	Møtedato
49/25	Kultur- og folkehelseutvalet	03.06.2025
61/25	Fylkesutvalet	23.06.2025

Uttale - Bevaringsstrategi for næringer og industriers kulturmiljø

Fylkeskommunedirektøren sin merknad og innstilling

1. Møre og Romsdal fylkeskommune meiner at "Bevaringsstrategien for næringers- og industriers kulturmiljø", er relevant for Møre og Romsdal. I vårt fylke har næringsliv og industri vore avgjerande for samfunnsutvikling og identitet.
2. Møre og Romsdal fylkeskommune støttar at bevaringsstrategien løftar fram mangfaldet av kulturmiljø knytt til næring og industri, og ser den som eit nyttig verktøy for regionale og lokale prioriteringar. Samstundes fell næringar som handel og reiseliv utanfor. Vi vil peike på at det er uheldig for aktørar som ønsker å løfte denne delen av historia.
3. Avgrensinga til sekundærnæringer er forståeleg, men vi vil peike på at grensa mot primærnæringer kan vere flytande, særleg i forhistorisk tid. Vi tilrår at omgrepet *produksjon* blir brukt i bevaringsstrategien for å inkludere arkeologiske produksjonsanlegg og eldre næringsverksemd betre.
4. Det er uklart i bevaringsstrategien korleis den skal gjennomførast og følgjast opp. Det kan føre til at bevaringsstrategien ikkje får forventa effekt. Bevaringsstrategien er breitt utforma for å famne alle delar av landet og ulike prioriteringar i fylka. Det er fylkeskommunane som må spisse innsatsen og prioritere innanfor dei tema som er valt ut. Fylkeskommunen sin evne til å fylla rolla som samfunnsutviklar blir avgjerande for å oppnå dei forventa effektane. Det krev kapasitet og økonomi. Bevaringsstrategien krev samtidig samordning og prioritering på statleg nivå. Møre og Romsdal fylkeskommune oppmodar Riksantikvaren til å følgje opp dette.

Kultur- og folkehelseutvalet 03.06.2025 - sak 49/25

Behandling

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 13 stemmer (100%) - AP 2, FRP 3, H 2, INP 1, KRF 1, NML 1, SP 1, SV 1, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Tilråding:

1. Møre og Romsdal fylkeskommune meiner at "Bevaringsstrategien for nærings- og industriers kulturmiljø", er relevant for Møre og Romsdal. I vårt fylke har næringsliv og industri vore avgjerande for samfunnsutvikling og identitet.
2. Møre og Romsdal fylkeskommune støttar at bevaringsstrategien løftar fram mangfaldet av kulturmiljø knytt til næring og industri, og ser den som eit nyttig verktøy for regionale og lokale prioriteringar. Samstundes fell næringar som handel og reiseliv utanfor. Vi vil peike på at det er uheldig for aktørar som ønsker å løfte denne delen av historia.
3. Avgrensinga til sekundærnæringar er forståeleg, men vi vil peike på at grensa mot primærnæringar kan vere flytande, særleg i forhistorisk tid. Vi tilrår at omgrepet *produksjon* blir brukt i bevaringsstrategien for å inkludere arkeologiske produksjonsanlegg og eldre næringsverksemd betre.
4. Det er uklart i bevaringsstrategien korleis den skal gjennomførast og følgjast opp. Det kan føre til at bevaringsstrategien ikkje får forventa effekt. Bevaringsstrategien er breitt utforma for å famne alle delar av landet og ulike prioriteringar i fylka. Det er fylkeskommunane som må spisse innsatsen og prioritere innanfor dei tema som er valt ut. Fylkeskommunen sin evne til å fylle rolla som samfunnsutviklar blir avgjerande for å oppnå dei forventa effektane. Det krev kapasitet og økonomi. Bevaringsstrategien krev samtidig samordning og prioritering på statleg nivå. Møre og Romsdal fylkeskommune oppmodar Riksantikvaren til å følgje opp dette.

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

1. Møre og Romsdal fylkeskommune meiner at "Bevaringsstrategien for nærings- og industriers kulturmiljø", er relevant for Møre og Romsdal. I vårt fylke har næringsliv og industri vore avgjerande for samfunnsutvikling og identitet.
2. Møre og Romsdal fylkeskommune støttar at bevaringsstrategien løftar fram mangfaldet av kulturmiljø knytt til næring og industri, og ser den som eit nyttig verktøy for regionale og lokale prioriteringar. Samstundes fell næringar som handel og reiseliv utanfor. Vi vil peike på at det er uheldig for aktørar som ønsker å løfte denne delen av historia.
3. Avgrensinga til sekundærnæringar er forståeleg, men vi vil peike på at grensa mot primærnæringar kan vere flytande, særleg i forhistorisk tid. Vi tilrår at omgrepet *produksjon* blir brukt i bevaringsstrategien for å inkludere arkeologiske produksjonsanlegg og eldre næringsverksemd betre.

4. Det er uklart i bevaringsstrategien korleis den skal gjennomførast og følgjast opp. Det kan føre til at bevaringsstrategien ikkje får forventa effekt. Bevaringsstrategien er breitt utforma for å fanne alle delar av landet og ulike prioriteringar i fylka. Det er fylkeskommunane som må spisse innsatsen og prioritere innanfor dei tema som er valt ut. Fylkeskommunen sin evne til å fylla rolla som samfunnsutviklar blir avgjerande for å oppnå dei forventa effektane. Det krev kapasitet og økonomi. Bevaringsstrategien krev samtidig samordning og prioritering på statleg nivå. Møre og Romsdal fylkeskommune oppmodar Riksantikvaren til å følgje opp dette.

Bakgrunn

Riksantikvaren har sendt utkast til «Bevaringsstrategi for næringars og industriars kulturmiljø» på høyring med frist 13. juni.

Bevaringsstrategien er ein av fem bevaringsstrategiar. Fylkeskommunen har tidlegare gitt uttale på strategiar for kyrkjer, kysten og landbruk sine kulturmiljø, sjå sakene KNF-13/23 og KF-30/24. Parallelt med denne, er bevaringsstrategi for bygders og byers kulturmiljø ute på høyring.

For kort framstilling av strategien, sjå vedlegget Kort oppsummering av strategien. Denne er KI-generert og kontrollert av saksbehandlar.

Forankring

Bevaringsstrategien er forankra i Meld. St. 16 (2019-2020) Nye mål i kulturmiljøpolitikken – engasjement, berekraft og mangfald. Måla er at:

- Alle skal ha moglegheit til å engasjere seg og ta ansvar for kulturmiljø.
- Kulturmiljø skal bidra til berekraftig utvikling gjennom heilskapleg samfunnsplanlegging.
- Eit mangfald av kulturmiljø skal takast vare på som grunnlag for kunnskap, oppleving og bruk.

Formålet med bevaringsstrategiane

Dei nasjonale bevaringsstrategiane skal bidra til å strukturere, samordne og organisere innsatsen for å oppnå dei tre nasjonale måla om engasjement, berekraft og mangfald. Særleg vekt er lagt på å ta vare på eit mangfald av kulturmiljø.

Bevaringsstrategien for næringar og industri sine kulturmiljø skal løfte fram næring og industri som ein viktig del av Noreg si historie. Hovudvekta i strategien er lagt på industri forstått som tilverking av råstoff og råvarer.

Spørsmål

Riksantikvaren ber om tilbakemelding på:

1. I kva grad er **avgrensinga** egna til å fanne dei viktigaste behova og utfordringane?
2. Er dei føreslegne **delteta og prioriterte** områda egna til å spisse innsatsen? Har dei riktig innhald og prioriteringar? Er det andre kulturmiljø som bør prioriterast?

Vurdering

Bevaringsstrategien for nærings- og industrikulturmiljø treff godt for Møre og Romsdal, der næringsliv og industri har vore sentrale for utviklinga av lokalsamfunn og identitet. Regionen har ei rik historie innan maritime næringar, møbelindustri og fiskeforedling, og spor etter eldre produksjonsformer som jarnvinneanlegg, kolmiler og handelsstadar viser eit mangfald av ressursutnytting over tid.

Då bevaringsstrategien i hovudsak er mynta på sekundærnæringar og industri, kan det virke som den er retta inn mot nyare tids kulturminne knytt opp mot industrialiseringa. Men vi finn også spor frå eldre tider, som tyder på at ein har drive eit mangfald av produksjon og råvareutvinning i fylket vårt. Bevaringsstrategien kan bidra til å auke bevisstheita kring slike kulturminne. Strategien bør derfor omfatte eldre kulturminne knytt til råvareutvinning og transport, der kysten og dalføra har vore viktige ferdselsårer.

Det er viktig å løfte fram nærings- og industrihistoria i Møre og Romsdal si historie og finne ein måte å gjere det på, slik at eit mangfald av historia blir teke i vare. Bevaringsstrategien kan vere eit verktøy som gjer at vi retter innsatsen mot dette tema. Mange industrimiljø er så store og komplekse at dei krev andre tilnærmingar enn fysisk bevaring. Dokumentasjon av anlegga er ein måte å gjere det på.

Sjølv om fleire næring- og industrianlegg er tekne vare på, har Møre og Romsdal ikkje vore representert i det nasjonale [bevaringsprogrammet](#). Vår regionale delplan for kulturminne har likevel løfta fram fleire viktige anlegg, og fylkeskommunen har gitt tilskot til nokre av desse. Vi ser det som viktig å løfte fram nærings- og industrihistoria som ein del av kulturarven i fylket, og bevaringsstrategien kan vere eit verktøy for å målrette denne innsatsen.

Overordna om bevaringsstrategien

Bevaringsstrategien er breitt utforma for å kunne tilpassast ulike prioriteringar i fylka. Det er difor opp til fylkeskommunane å spisse innsatsen innanfor dei temaa som er valt ut.

Fylkeskommunen si rolle som samfunnsutviklar er avgjerande for å realisere bevaringsstrategien. Den krev ikkje berre retning, men også samordning og mobilisering. Bevaringsstrategien seier lite om korleis dette skal følgjast opp i praksis.

Målet om lokal deltaking i kulturmiljøarbeidet er godt, men krev at nokon driv prosessane og koplar saman frivillige, næringsliv og kommunar. Fylkeskommunen må bidra med fagkompetanse og rettleiing. Dette krev ressursar og kapasitet, både lokalt og regionalt.

Det er òg behov for betre samordning på statleg nivå. Bevaringsstrategien bør forankrast i nasjonale forventningar til kommunal og regional planlegging og i økonomiske verkemiddel.

Møre og Romsdal fylkeskommune skal revidere den regionale delplanen for kulturminne og vil bruke strategien aktivt i dette arbeidet. Vi har etablert programarbeid som arbeidsmetode for tverrsektoriell samordning, og dette gir eit godt grunnlag for å følgje opp strategien.

Bevaringsstrategien svarar godt til fylkeskommunen sine prioriteringar i gjeldande fylkesplan, vår rolle som samfunnsutviklar og tilretteleggjar for bruk av kulturmiljø i planlegginga. Vi viser her til gjeldande fylkesplan og målsettinga om at «*Møre og Romsdal skal ta vare på eit mangfald av viktige kulturmiljø og sjå kulturmiljøa som ein ressurs i verdiskaping, klimaomstilling og sirkulærøkonomi.*»

Avgrensing

Riksantikvaren stiller spørsmål om i kva grad er avgrensingane i bevaringsstrategien er egna til å fange dei viktigaste behova og utfordringane?

Bevaringsstrategien avgrensar innsatsen til sekundærnæringar, noko som er relevant for utfordringsbildet i Møre og Romsdal. Det er positivt at strategien adresserer manglande mangfald og kunnskap, og at det er vanskeleg å fysisk ta vare på store industrimiljø.

Bevaringsstrategien er avgrensa til å gjelde kulturmiljø frå sekundærnæringane, og for eksempel transport og sal som er forbunde med sekundærnæringa. Det betyr at tertiærnæringar som butikkar og hotell fell utanfor. Dette kan føre til at viktige kulturminne ikkje blir prioriterte.

Det er likevel viktig å vere merksam på at grensa mellom primær- og sekundærnæring kan vere flytande, særleg i forhistorisk tid. Vi meiner omgrepet *produksjon* burde vere med for å inkludere arkeologiske produksjonsanlegg betre.

Bevaringsstrategien gjeld i hovudsak materielle og bevegelege kulturminne. Vi vil understreke at produksjonsutstyr, verktøy og kunnskapen om korleis desse blir brukte, er ein viktig del av kulturarven. Vi meiner derfor at næringane og industriverksemdene sine kulturmiljø bør sjåast i eit heilskapleg kulturarvperspektiv, der både fysiske objekt og immateriell kunnskap blir vurderte samla.

Vi ser at fleire bevaringsstrategiar overlappar. Eit sjøhus eller naust kan vere viktig både som del av kystkulturen og som del av nærings- og industrihistorie, eller i by- og bygdesamanheng. Vi meiner slike overlappingar er positive – dei viser at kulturmiljøa har fleire sider og heng saman på tvers av tema.

Det er samtidig uklart korleis bevaringsstrategien skal følgjast opp, og korleis tilskotsordningar blir kopla til prioriteringane. Likevel ser vi potensial for at strategien kan stimulere til nytenking og meir målretta innsats i kulturmiljøforvaltinga.

Vurdering av deltema og prioriterte område

Riksantikvaren ønskjer også ei tilbakemelding på om dei føreslegne deltema og prioriterte områda er eigna til å spisse innsatsen? Har dei riktig innhald og prioriteringar? Er det andre kulturmiljø som bør prioriterast?

Strategien er uavhengig av type kulturmiljø og tidsperiode. Han fannar geografisk, sosialt, etnisk og næringsmessig mangfald, og er avgrensa til kulturmiljø innanfor sekundærnæringar. Dei tre deltemaa er valde ut på grunnlag av særskilde utfordringar og moglegheiter, og har følgjande prioriterte område:

- **Deltema 1: Industrien som bygde samfunnet**, med dei prioriterte områda: Industrimiljø og hjørnesteinsbedrifter
- **Deltema 2: Våre mangfaldige næringar**, dei prioriterte områda: Byindustri og særeigen småindustri
- **Deltema 3: Industriens logistikk**, dei prioriterte områda: Bevegelege kulturminne og infrastruktur

Dei tre deltema heng saman og viser korleis næringsverksemd er satt saman av ulike ledd i verdikjeda. Verksemdene er og avhengig av infrastruktur og transportmiddel for å få tilført råvarer og nå marknader. Deltema er derfor ikkje ulike kategoriar kulturmiljø frå ulike bransjar. Vi meiner dette er eit godt og interessant grep.

Vidare har fylkeskommunedirektøren desse merknadene til deltemaa:

- **Deltema 1** er eit særleg viktig tema fordi dei har vore viktig i samfunnsutviklinga vår, dei er ofte store og krev meir innsats, og ein annen tilnærming til bevaring og formidling.
- **Deltema 2** inneheld mangesysleriet og mindre verksemdar som er viktig for heilskapen i næringshistoria og krev mindre innsats å ta vare på.
- **Deltema 3** åpner for nye innfallsvinklar i bevaringa. Særleg bevegelege kulturminne har eit stort frivillig engasjement.

Andre kommentarar til dokumentet

- Dokumentet er for langt og har mykje gjentakningar. Det bør forenklast og gjerast meir lesarvennleg, spesielt om det skal brukast utanfor kulturmiljøforvaltninga.
- Formål og oppfølging manglar. Vi saknar ei innleiing som klargjer formålet med bevaringsstrategien og korleis den skal følgjast opp.
- Uklart skilje mellom «forventa effekt» og «effektmål». Omgrepa blir brukte ulikt. Effektmåla er dessutan utydelege. Nokre er formulerte som mål, andre som handlingar. Dei bør vere målretta og ikkje forvekslast med strategiar eller indikatorar.
- Avgrensinga og definisjonen av næring og industri er knytt til sekundærnæring, og ein utelet næringar som både kan vere primær og sekundær i bevaringsstrategien.
- Vurder å bruke «produksjon» i tittelen. Det kan bidra til at arkeologiske produksjonsanlegg i større grad blir representert.

Økonomiske konsekvensar

Riksantikvaren sine bevaringsstrategiar vil samla ha konsekvensar for utøving av kulturmiljøarbeidet framover, både når det gjeld kapasitet og økonomi.

Bevaringsstrategien oppmodar til samordna innsats og lokalt engasjement i kulturmiljøarbeidet. Kommunar og frivillige etterspør fylkeskommunen si fagkompetanse, og vi må ha kapasitet til å følgje opp desse prosessane. Det same gjeld oppfølging av frivillige, eigarar, verksemdar og kommunar som ønsker å ta vare på historia si.

Å samle innsatsen i program og prosjekt, er eit godt grep. Da vil vi få kunne få til den samordninga internt og med aktørane eksternt som er nødvendig for å lykkast.

Bevaringsstrategien oppfordrar vidare til samfinansiering av tiltak. For fylkeskommunen vil det bety å spisse eller omprioritere tilskotsordningane våre, slik at prosjekt som fell saman med bevaringsstrategiane blir prioritert.

Toril Hovdenak
fylkeskommunedirektør

Heidi-Iren Wedlog Olsen
kulturdirektør

Vedlegg

Kort oppsummering av Bevaringsstrategi næringers og industriers kulturmiljø

Bevaringsstrategi for næringer og industriers kulturmiljø - høring av forslag

Riksantikvarens forslag til bevaringsstrategi for næringers og industriers kulturmiljø
høringsutkast